

Forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket, Stranda kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Stranda kommunestyre dd. mmmm 202X med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (*forurensningsloven*) § 52 a og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (*forurensningsforskriften*) av §§ 2-12, 7-3 og 11-4 og forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger § 11, og forskrift 20. desember 2024 nr. 3400 om kommunens myndighet etter forurensningsloven § 6 bokstav a.

(heretter kalla *forureiningslova* og *forureiningsforskrifta*)

Kapittel 1. Generelle føresegner

§1-1. Bygning

Forskrifta gir kommunen heimel til å dekke kostnadane kommunen har ved sakshandsaming, tilsyn og kontroll som forureiningsmynde etter forureiningslova, forureningsforskrifta, forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger og forskrift om kommunens myndighet etter forureiningslova.

§1-2. Verkeområdet til forskrifta

Forskrifta omfattar forhold der kommunen er myndeutøvar etter føresegner gitt i forskrift om kommunens myndighet etter forureiningslova og i forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

Forskrifta omfattar gebyr for sakshandsaming, tilsyn og kontroll med:

1. Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid (forureiningsforskrifta § 2-12)
2. Lokal luftkvalitet (forureiningsforskrifta § 7-3)
3. Utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande (forureiningsforskrifta § 11-4, jf. § 12-4)
4. Utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre «tettbebyggelser» (forureiningsforskrifta § 11-4, jf. § 13-4)
5. Utslepp/påslepp av oljehaldig vatn (forureiningsforskrifta § 11-4, jf. § 15-4)
6. Påslepp av feitthaldig vatn (forureiningsforskrifta § 11-4, jf. § 15A-4)
7. Forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar (forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger, § 11)
8. Besitter av næringsavfall (forskrift om kommunens myndighet etter forurensningsloven § 6 bokstav a)

§1-3. Kva gebyra dekker

Gebyr etter denne forskrifta skal dekke kostnadane kommunen har med sakshandsaming og kontroll eller tilsyn på dei områda forskrifta omfattar, medrekna løpande dokument- og systemkontroll og stadlege tilsyn etter vurdering av behov.

Gebyra skal ikkje overstiga kostnadane kommunen har ved sakshandsaming eller tilsyns- og kontrollordningar, og blir rekna ut i tråd med sjølvkostprinsippet.

Gebyrsatsar etter denne forskrifta inngår i gebyrregulativet og blir vedtatt årleg av kommunestyret.

§1-4. Gebyrplikt

Gebyr for kontrolltiltak kan fastsetjast som årlege gebyr, sjølv om kontrolltiltak for det enkelte anlegget eller tiltak blir gjennomført sjeldnare enn kvart år.

Gebyrplikt for årlege gebyr trer inn frå gebyrforskrifta trer i kraft for anlegg som omfattast av forskrifta og som ikkje er tatt ut av drift.

For anlegg som får ny utslepps/påselepps-løyve, vil gebyrplikt tre inn frå og med den betalingsterminen bruksløyve for anlegget er gitt.

For eksisterande anlegg som ikkje tidlegare har vore registrert hos kommunen, fakturerast gebyr etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet kravet blir sett fram eller utgangspunktet for foreldingsfristen, jf. foreldelsesloven § 3.

§1-5. Gebyrfritak

Gebyrplikt for årlege gebyr opphøyrer når kommunen mottek skriftleg dokumentasjon frå godkjend røyrleggjar på at vassforsyning er kopla frå eller at krav om utslepps/påselepps-løyve opphøyrer.

Kommunen kan krevje gebyr etterbetalt frå tidpunktet gebyrfritak er innvilga, dersom anlegget takast i bruk utan kommunen si godkjenning.

§1-6. Innkrevjing

Den som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr. Gebyr reknast etter dei satsane som gjeld på det tidspunkt komplett søknad er motteken av kommunen.

Fullt sakshandsamingsgebyr skal betalast òg ved avslag på søknad.

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg jf. forureiningslova § 52 og tvangsfullbyrdelsesloven § 7-2 bokstav e.

§1-7. Klage

Om det fattast enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta, kan dette klagast på etter reglane i forvaltningslova. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klagt inn.

Gebyrsatsar fastsett av kommunestyret inngår i betalingsregulativet og kan ikkje klagast på.

§1-8. Mangelfull søknader

Dersom søknaden kommunen mottek er mangelfull, kjem det eit tilleggsgebyr per mangelbrev. Tilleggsgebyret kan fakturerast samstundes som mangelbrevet blir sendast ut. Tida det blir rekna gebyr for omfattar arbeidet kommunen har med å skaffa dei naudsynte opplysningane, opplyse tiltakshavar om manglar, eller liknande arbeid. Gebyret gjeld alle påfølgjande kapittel i denne forskrifta.

§1-9. Gebyr for avslutta sak før vedtak

For saker som trekkjast før endeleg vedtak, men etter at kommunen har motteke komplett søknad og sakshandsaminga er satt i gang, skal det betalast 50 % av sakshandsamingsgebyret.

§1-10. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter forureiningsforskrifta kapittel 2, 12, 13, 15 og 15 A og forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar som ikkje fell inn under andre føresegner i denne forskrifta, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle / atypiske saker kan kommunen avgjere at saka blir fakturert etter tida som er gått med.

Kapittel 2. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med opprydding i forureina grunn

§2-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for arbeid kommunen har med sakshandsaming og kontroll i samband med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid, jf. kapittel 2 i forureiningsforskrifta.

§2-2. Gebyr for sakshandsaming og kontroll ved søknad om godkjenning av tiltaksplan

Det skal betalast eingongsgebyr for sakshandsaming og for kontroll ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Gebyra dekker sakshandsaminga til kommunen og arbeidet kommunen har med kontroll og oppfølging i etterkant.

Sakshandsamingsgebyret er likt og blir fakturert per tiltaksplan.

Kontrollgebyret kan differensierast etter risiko for skade på helse og miljø.

Differensieringa kjem fram av gebyrregulativet.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

Kapittel 3. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med lokal luftkvalitet

§3-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for arbeid kommunen har med sakshandsaming og kontroll med lokal luftkvalitet, jf. kapittel 7 i forureiningsforskrifta.

§3-2. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med lokal luftkvalitet

Det skal betalast eit eingongsgebyr for sakshandsaming og kontroll i samsvar med kapittel 7 i forureiningsforskrifta om lokal luftkvalitet.

Gebyret blir belasta anleggseigar.

Kapittel 4. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av sanitært avløpsvatn

§4-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for arbeid kommunen har med sakshandsaming og kontroll av utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande, jf. kapittel 12 i forureiningsforskrifta.

§4-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om utsleppsløyve mindre enn 15 personekvivalentar (pe).
2. Søknad om utsleppsløyve frå og med 15 pe og mindre enn 50 pe.
3. Søknad om endring av utsleppsløyve, mindre enn 15 (pe).
4. Søknad om endring av utsleppsløyve, frå og med 15 pe og mindre enn 50 pe.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§4-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp av sanitært avløpsvatn

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsanlegg.

Gebyret blir rekna per anlegg.

Det årlege gebyret blir belasta eigar av avløpsanlegg.

Kapittel 5. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av kommunalt avløpsvatn

§5-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for arbeid kommunen har med sakshandsaming og tilsyn/kontroll av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område, jf. kapittel 13 i forureiningsforskrifta.

§5-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve

Det skal betalast eit eingongsgebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om utsleppsløyve, mindre enn 150 pe .
2. Søknad om utsleppsløyve, frå og med 150 pe.
3. Søknad om endring av utsleppsløyve, mindre enn 150 pe.
4. Søknad om endring av utsleppsløyve, frå og med 150 pe.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§5-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp av kommunalt avløpsvatn

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsanlegg.

Kontrollgebyret differensierast i to kategoriar; anlegg mindre enn 150 pe og anlegg frå og med 150 pe.

Gebyret blir rekna per anlegg.

Det årlege gebyret blir belasta eigar av avløpsanlegg.

Kapittel 6. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn

§6-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for sakshandsaming og kontroll/tilsyn kommunen har med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn frå:

- a. bensinstasjonar,
- b. vaskehallar for køyretøy,
- c. motorverkstadar,
- d. bussterminalar,
- e. verkstadar og sentralar for klargjering av køyretøy, anleggsmaskinar og skinnegåande materiell, og
- f. anlegg for handsaming av understell

som enten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknande, jf. kapittel 15 i forureiningsforskrifta.

§6-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om utslepps/påslepps-løyve

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn.
2. Søknad om endring av løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§6-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp/påslepp av oljehaldig avløpsvatn

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av anlegg ol. som nemnt i § 6-1.

Gebyret blir rekna per anlegg.

Det årlege gebyret blir belasta eigar av anlegg.

Kapittel 7. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med påslepp av feitthaldig avløpsvatn

§7-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for sakshandsaming og kontroll/tilsyn kommunen har med påslepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd, jf. kapittel 15A i forureiningsforskrifta.

§7-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om påsleppsløyve

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om løyve til påslepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd.
2. Søknad om endring av løyve til påslepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§7-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av feittutskiljarar

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av feittutskiljarar.

Gebyret blir rekna per feittutskiljar.

Det årlege gebyret for kontroll og tilsyn blir belasta eigar av feittutskiljarar.

Kapittel 8. Gebyr for tilsyn med forbod mot fyring med mineralolje

§8-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for tilsynet kommunen gjer i samband med forbodet mot fyring med mineralolje etter forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

§8-2. Eingongsgebyr for tilsyn

Det skal betalast eit eingongsgebyr ved tilsyn.

Gebyret blir belasta eigar.

Kapittel 9. Gebyr for tilsyn med besitter av næringsavfall

§9-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for tilsynet kommunen gjer med besitter av næringsavfall som i art eller mengde ikkje skil seg frå hushaldningsavfall, jf. forskrift om kommunens myndighet etter forureiningslova § 6 bokstav a.

§9-2. Eingongsgebyr for tilsyn

Det skal betalast eit eingongsgebyr ved tilsyn.

Gebyret blir belasta eigar.

Kapittel 10. Ikraftsetjing

§10-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå dd. mmmm 202X.